



Hjelmeland
kommune

INFO - MINDRE PLANENDRING pbl § 12-14

VARSLING:

Annonse:

I avis: lokalavisa Strandbuen annonse@strandbuen.no

På nett: Kan annonserast på Hjelmeland kommune si nettside, send annonsetekst til saksbehandlarar.

Brev: sjå mal for varslingsbrev i eiga fil

Overordna planmyndigheter:

Fylkesmannen fmropost@fylkesmannen.no

Fylkeskommunen firmaapost@rogfk.no

Statens Vegvesen: firmaapost-vest@vegvesen.no

Hjelmeland kommune postmottak@hjelmeland.kommune.no

Kan vere andre òg, td Kystverket, Fiskeridirektoratet, Dir for Mineralforvaltning el.a - kjem an på saken – kommunen gir beskjed kven som skal varslast.

Berørte partar td andre eigara i feltet/reguleringsområdet, ev velforening og grunneigar:

Adresselister fås via Kundesenteret postmottak@hjelmeland.kommune.no

De må då kartfeste kva eigara de vil ha adresser til og oppgi formålet med adresselista.

Annonsa /varslingsbrevet skal innehalde følgjande informasjon:

- PlanID og plannamn - gnr/bnr + stadnamn
- Formålet med planendringa/ev argumentasjon – td endre §... - auke hyttestorleik frå ...til ... m² BYA.
- Ev grunngjeving/argumentasjon (kan droppast i annonsa)
- Frist for merknadar - minimum 4 veker
- Søkjars adresse for innsending av merknadar, inkl. e-post-adresse

SØKNADEN

Saman med søknad må me ha stadfesting på varslig til alle som har rett på det.

Søkjær skal kommentere/vurdere ev innkomne merknader og ev gjere endringar i søknad som følgje av innspel – eller forklare kvifor ein ikkje tek innspel til følgje.

Dersom varslingsrunden ikkje medfører protester eller motsegner kan saken anten behandlast administrativt i kommunen (mindre/ikkje-prinsipielle endringar) eller politisk i Areal-og forvaltningsutvalet (prinsipielle endringar)

NB: dersom varslingsrunden medfører motsegner/store protestar kan det hende at saken må behandlast som vesentleg endring dvs fleire politiske behandlingar og offentleg ettersyn/høyring (som ordinær planprosess)

Vedtekne gebyrsatsar for saksbehandling plan gir: Mindre vesentleg endring: 7 352,- Anna endring med høyring/politisk behandling kr 13 400,-